

Frivillig innsats berger samfunnet

Innlegg i Aftenposten 5. desember 2004

Av kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland (KrF) og utviklingsminister Hilde Frafjord Johnson (KrF)

Frivillig innsats og dugnadsanda står sterkt i Noreg. Sjølv ordet "dugnad" rommar så mange assosiasjonar at det skaper hovudbry når oversetjarar skal finne dekkjande ord på andre språk. Og då nasjonalordet i det norske språket skulle kårast fall valet naturlegvis på "dugnad".

Kvart einaste år gjer 1,7 millionar menneske ein frivillig innsats i Noreg. Totalt utgjer den frivillige innsatsen som vert lagt ned i frivillige organisasjonar om lag 126 000 årsverk. Frivillige organisasjonar har vore – og er – sentrale bidragsytarar til mangfald, livskvalitet, kultur, politikk og demokratiske haldningar.

Frivillige organisasjonar vert ofte kalla "skular i demokrati". Organisasjonane er såleis viktige som demokratiske aktørar. Organisasjonane har òg ein viktig funksjon som sosiale møteplassar. Mange stader er det frivillige organisasjonar som skaper dei møteplassane som finst utanom jobb og skule.

Frivillig innsats representerar ei kraft som er heilt naudsynt for å skapa eit godt samfunn som er bygd opp nedanfrå gjennom familien, nærmiljø, lokalsamfunn og frivillig sektor. Korkje marknaden eller det offentlege klarer å løysa alle oppgåvene åleine. Det er i dette spelerommet frivillige organisasjonar og forskjellige frivillige initiativ har si viktige rolle. Frivillig virke skapar engasjement, og gjer menneske ikkje berre til mottakarar, kundar eller forbrukarar, men til aktive deltakarar.

Eit levande og breitt organisasjonsliv med lange og sterke tradisjonar har lagt mykje av grunnlaget for demokratiet og velferda vi har i Noreg i dag. Men òg i eit globalt perspektiv spelar det sivile samfunn ei avgjerande rolle. Ikkje minst er eit dynamisk sivilt samfunn eit viktig instrument i kampen mot fattigdommen i verda. Både for å fremja godt styresett, ei demokratisk utvikling og respekt for menneskerettane, er frivillige organisasjonar viktige.

Saman kan staten og det sivile samfunn påverka kvarandre i ein dynamisk utviklingsprosess. Styresmaktene treng krefter som kan utfylla og utfordra, korrigera og påverka, og som kan halde dei i øyro når det trengs. Mange stader, spesielt i fattige land, er frivillige organisasjonar mellom dei viktigaste bidragsytarane til velferda i lokalsamfunnet.

FN vedtok hausten 2000 åtte konkrete mål for fattigdomsreduksjon fram mot år 2015 – dei såkalla Tusenårsmåla. Verdssamfunnet forplikta seg mellom anna til å halvera andelen av menneske som lever i ekstrem fattigdom innan 2005, sikra gratis grunnutdanning for alle born og redusera talet born som dør med to tredeler. Frivillige organisasjonar i Nord og Sør er viktige i dette arbeidet. Difor går ein tredel av all norsk bilateral utviklingsbistand via frivillige organisasjonar og sivile samfunnsaktørar. Det er ein større del enn noko anna land. Frivillige organisasjonar bidreg gjennom drift av skular og sjukehus til å oppfylle grunnleggjande utviklingsrettar og er i seg sjølv ei manifestering av ein viktig menneskerett: organisasjonsfridomen.

Som talerør kan det sivile samfunn fungera som ein megafon for dei som sjeldan vert høyrte og sørgje for at dei svake og fattige sine rettar vert tatt omsyn til. Som "vaktbikkjer" vil frivillige organisasjonar, media og andre i utviklingslanda kunne varsle, både nasjonalt og internasjonalt, når realitetane ikkje samsvarer med retorikken .

Frivillig innsats for å løyse felles utfordringar er grunnleggjande positivt. Dei frivillige organisasjonane har ein verdi i seg sjølv, ved at dei utgjer både eit alternativ og eit supplement til offentlege tenestetilbod. Norske styresmakter har gode erfaringar med samarbeidet med det sivile samfunn, både i innland og utland. Vi veit at vi saman kan utretta svært mykje for svært mange. Vi vonar at FNs internasjonale frivillighetsdag og markeringa av denne i dag kan inspirera endå fleire til å yta ein frivillig innsats for andre. La det frivillige engasjementet blomstre!